



AS Haugland Vvs
Arnstein Haugland
Lyngvegen 2
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/3258 - 21/68321

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
13.10.2021

Løyve til oppføring av VA-leidningar til eksisterande bustad - gbnr 497/13 Instebo

Administrativt vedtak: Saknr: 1080/21
Tiltakshavar: Robert Gulbrandsen
Ansvarleg søkjar: AS Haugland Vvs
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for oppføring av VA-leidningar til eksisterande bustad på gbnr 497/13 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan, datert 31.07.20 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk/kloakkanlegg i samsvar med løyve til påkopling datert 06.05.21 i sak 21/3270 og utførast i samsvar med godkjent vilkår i tilkopplingsløyve og VA-plan/situasjonsplan.
3. Vilkår frå Vestland fylkeskommune i løyve av 13.10.20 i sak 2020/70458 skal stiftast.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av VA-leidningar , tilkopling av eksisterande bustad på gbnr 497/13 til kommunalt VA-anlegg.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett, samt kryssing av fylkesveg 565. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 12.04.21 og supplert 13.10.21.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Følgjande dokumentasjon vart etterspurt ved brev av 12.10.21:

1. Gjennomføringsplan.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 13.10.21. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Radøy er definert som LNF-SBE spreidd eksisterande bustad-føremål. Tiltaket krev ingen dispensasjon jf. pkt. 3.4.2 e) mindre terrenginngrep knytte eksisterande bustad.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Det ligg føre samtykker frå råka grunneigare av gbnr 497/3-4, 6, 12 i saka. Kommune vurderer at det ikkje naudsynt med nabovarsel i denne konkrete saka.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 31.07.20.

På situasjonsplanen er leidningar vist til å gå over anna manns grunn. Tilkopling til kommunalt VA-anlegg skal skje via felles privat reinseanlegg i samsvar med avtale om solidarisk ansvar signert 30.07.20, tinglyst 09.09.20. Eigare av gbnr. 497/3-4, 6, 12 har i dokument, datert 30.07.20, tinglyst 09.09.20 samtykka til at tiltaket kan plasserast slik det er omsøkt.

Leidningar skal kryssa offentleg fylkesveg 565. Vegstyresmakta Vestland fylkeskommune har i vedtak datert 13.10.20 sak 2020/70458 gjeve løyve til kryssing av veg, framføring av utskifting av avløpsleidning, fjerning av eksisterande leidning i betong.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup.

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk og offentleg avlaup.

Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til kommunalt vatn og avlaup den 06.05.21 i sak nr.21/3270.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg fylkesveg.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser leidningsnett. Terrengtet skal tilbakeførast etter graving.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

VURDERING:

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.

- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommune vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/3258

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Robert Gulbrandsen

Langnesvegen 6260
56

SKODJE

Mottakarar:

AS Haugland Vvs

Lyngvegen 2 5914

ISDALSTØ